

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 15/8208-9

## Høyingsutkast - Planprogram for Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. I medhald av plan og bygningslova vert utkastet til planprogram sendt på høyring slik det no ligg føre.
2. Høyringsfrist vert sett til 27.05.2016

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Høyingsutkast planprogram - Regional transportplan Sogn og Fjordane 2018 - 2027

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

I januar 2016 gav fylkesutvalet klarsignal til å starte opp arbeidet med eit planprogram for Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 – 2027 (RTP).

Arbeidet med regional planstrategi for 2016 – 2020 har vist at RTP bør reviderast. På grunn av den strategiske rolla samferdsle og transport spelar for utviklinga av fylket, er dette peika på som eit heilt sentralt tema i regionalt planarbeid.

Gjennom forvaltningsreforma har Sogn og Fjordane fylkeskommune fått ei ny og utvida rolle som ein meir heilskapleg transportpolitisk aktør. Arbeidet med regional planstrategi viser også at samferdsle i Sogn og Fjordane vil vere eit viktig verkemiddel for å nå samfunnsmåla og måla om regional utvikling i fylket. For å fylla rolla som ein heilskapleg transportpolitisk aktør og for å nå samfunns mål og mål om regional utvikling i planstrategien, er det trong for å opparbeide eit godt kunnskaps- og vedtaksgrunnlag gjennom Regional transportplan. Dette er avgjerande for at fylkeskommunen skal klare å ta eit strategisk ansvar for forvaltning av fylkesvegnettet og kollektivtransporten i fylket.

RTP skal vere ein plan som legg grunnlaget for fylkeskommunen sine samferdslepolitiske prioriteringar på lang sikt. Det vert lagt opp til at planen skal omhandle heile transportsystemet i fylket, inkludert transportformer der ansvar og verkemiddel ligg til andre forvaltningsnivå enn det fylkeskommunale.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag ein vedteken RTP frå 2013. Dei statlege transportetatane har lagt fram sitt grunnlagsdokument for Nasjonal transportplan 2018 – 2029, som vil gje viktige signal for utviklinga av transportsektoren i åra som kjem. Det vil vere viktig at nasjonale mål og føringar for transportpolitikken vert innarbeidd i revisjonen av planen. Revidert RTP vil erstatte gjeldande RTP m/handlingsprogram mvf. år 2018.

## **2. Om planprogrammet**

Plan- og bygningslova krev at det skal utarbeidast planprogram for alle regionale planar. Planprogrammet skal fastsette kva tema som skal handsamast i planen og planen sitt føremål, organisering av arbeidet, prosess og framdrift, samt opplegg for medverknad. Av kapitla i planprogrammet, er det kapittel 3 og 4 som vert teke med vidare i sjølve planframlegget til RTP. Det vert vist til oppbygginga av planprogrammet i det vedlagde utkastet.

## **3. Arbeidet med høyringsutkast til planprogram**

I arbeidet med planprogrammet for RTP 2018 – 2027 er det teke utgangspunkt i gjeldande transportplan og planprogrammet til denne planen. Vi har gått gjennom både planprogrammet og planen for å sjå på nødvendige oppdateringar og om det er tema som bør gå ut eller leggest til.

Fylkesutvalet som planutval er politisk styringsgruppe for arbeidet. Det faglege planarbeidet blir koordinert av ei administrativ styringsgruppe, som blir leia av samferdsleavdelinga. Grappa består elles av representantar frå nærings- og kulturavdelinga, samferdsleavdelinga og fylkesrådmannen sin planstab. I tillegg skal ein representant frå Statens vegvesen vera med i grappa.

Det er viktig å sikre medverknad og dialog med kommunane tidleg i planarbeidet. Difor vil det i samband med høyringa av planprogrammet bli lagt opp til ein høyringskonferanse i slutten av april både i høve Regional transportplan og Nasjonal transportplan. Kommunar, organisasjonar og andre interesserte vil bli inviterte konferansen samt til å komme med innspel eller kommentarar til dei ulike plantema i RTP Sogn og Fjordane. Høyringsfristen vert sett til 27. mai 2016.

Under høyringa av planprogrammet vil vi be om innspel på sjølve innhaldet til planen samt framdrift og organisering. Innspel på konkrete tiltak vil det bli bedt om i samband med høyringa av sjølve planen. Det er planlagt høyring av planen i løpet av sommaren/hausten 2017.

## **4. Høyring og endeleg vedtak**

Etter høyringa skal innkomne innspel takast opp til vurdering i den administrative prosjektgruppa og den politiske styringsgruppa.

Fylkesrådmannen tek sikte på endeleg vedtak av planprogrammet i fylkesutvalet 22. juni 2016.

## **5. Konklusjon**

Planprogrammet for regional transportplan Sogn og Fjordane vert sendt på høyring. I framdriftsplanen er det lagt opp til at planprogrammet vert lagt ut til offentlig ettersyn i perioden frå 14. april til 27. mai 2016.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)